

 Vestland fylkeskommune	Rettleiing Hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune Vestland fylkeskommune/Innkjøp		
	Dokument Id: 395 Versjon: 11 Status: Godkjent	Dokumentansvarlig: Rolf Arild Solheim Forfattar: Rolf Arild Solheim	Godkjent av: Rolf Arild Solheim

Innleiing

Hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune skal fastsetje overordna mål, strategiar og styrande prinsipp for innkjøp av varer, tenester og bygg- og anleggsarbeid til fylkeskommunen. Hovudmåla er forankra i Vestland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag, visjon og verdiar, samt gjeldande lover og forskrifter for offentlege innkjøp. For å sikre innkjøp i tråd med Vestland fylkeskommune sine hovudmål, skal innkjøpsseksjonen syte for at styringssystem for Kvalitet og HMS (eHåndbok) er oppdatert med godkjente prosedyrar og malar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura. Innkjøp skal gjennomførast ved hjelp av dei til ei kvar tid gjeldande innkjøpssystem og konkurranse- og kontraktstyringsverktøy.

Informasjon

Hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune gjeld all innkjøpsaktivitet i Vestland fylkeskommune i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande prosedyrar. Innkjøpsseksjonen har ansvar for å leggje til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune. Innkjøp i Vestland fylkeskommune omfattar alle avdelingar med underliggjande einingar, som i samsvar med godkjente budsjett og fullmakter:

- har ansvar for kjøp av varer og tenester til investering og drift
- er underlagt offentleg lov- og regelverk samt interne fylkeskommunale retningslinjer

Beskriving

Innkjøpsprinsipp for Vestland fylkeskommune

- Vestland fylkeskommune skal gjennomføre innkjøpa sine i tråd med lover og forskrifter, og med særleg fokus på dei grunnleggjande prinsipp i anskaffingsregelverket**
 - Vestland fylkeskommune skal gjennomføre føreseielege, etterprøvbare og forholdsmessige innkjøpsprosessar basert på konkurranse og likebehandling av leverandørane.
- Vestland fylkeskommune skal opptre med integritet i innkjøpsprosessane**
 - Ved gjennomføring av innkjøp skal fylkeskommunen opptre med slik integritet at det sikrar ålmmenta sin tillit til at innkjøpa skjer på ein samfunnstenleg måte. Vestland fylkeskommune sine gjeldande etiske retningslinjer skal følgjast.
 - Vedteke Transparency International Norge sin antikorrupsjonshandbok skal brukast i alle ledd i fylkeskommunen, også ved innkjøp.
- Vestland fylkeskommune skal gjennomføre så kostnadseffektive innkjøp som mogleg**
 - Gjennom samhandling og effektiv organisering av innkjøp, samt bruk av elektronisk innkjøpsverktøy og elektronisk handel, skal Vestland fylkeskommune sikre effektiv ressursbruk i innkjøpsprosessane.
 - Vestland fylkeskommune skal bruke sin relative forhandlingsstyrke til å leggje til rette for gode kommersielle vilkår og avtalar.
 - Innkjøpsseksjonen skal i så stor grad som mogleg kostnadseffektivisere gjennom standardisering av produkt.
- Vestland fylkeskommune skal gjennomføre profesjonelle innkjøpsprosessar av høg kvalitet**
 - Innkjøpsfunksjonen skal ha naudsynt og oppdatert innkjøpsfagleg kompetanse og gjennomføre profesjonelle innkjøpsprosessar gjennom tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt, erfaringsoverføring i faglege fora og føremålstenleg styring og organisering.
- Vestland fylkeskommune skal leggje til rette for lokal gjennomføring av innkjøp**
 - Innkjøpsseksjonen skal gjennom rådgjeving, bistand og utarbeiding av malar og retningslinjer leggje til rette for at dei einskilde einingane i Vestland fylkeskommune lokalt skal kunne gjennomføre gode innkjøp innanfor dei økonomiske rammene dei er gjevne.
 - Vestland fylkeskommune skal i så stor grad som lover og forskrifter tillet det, legge til rette for at anbod og kontrakter vert utforma slik at lokale næringslivsaktørar kan delta i konkurransane.
- Vestland fylkeskommune skal gjennomføre miljøvenlege og bærekraftige innkjøp**
 - Vestland fylkeskommune skal gjennom innkjøpspraksisen sin bidra til å redusere skadeleg miljøpåverknad og

Vær oppmerksom på at dokumentet kan vera endra etter utskrift.

Rettleiing Hovudmål for innkjøp i Vestland fylkeskommune	Utskriftdato: 10.06.2026	
Dokumentansvarlig: Rolf Arild Solheim	Godkjent av: Rolf Arild Solheim	Dokument Id: 395 - Versjon: 11
		Side 1 Av 2

fremje klimavenlege løysingar. Innkjøp skal vurdere i kva grad det enkelte innkjøp utgjer ei miljøbelastning og korleis omsyn til miljø og klima skal ivarekast.

- Innkjøpsfunksjonen skal bidra til å redusere bruk av plast, og fjerne unødvendig bruk av plast, i Vestland fylkeskommune gjennom krav i konkurransar.

7. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp med særleg vekt på seriøsitets- og lærlingekrav i innkjøpa

- Vestland fylkeskommune skal syte for at alle innkjøp fremjar respekt for grunnleggjande menneskerettar, tilfredstillande arbeidsforhold og andre sosiale forhold. Dette skal til dømes gjerast gjennom å ivareta krav til løns- og arbeidsvilkår i kontraktane og sikre universell utforming i innkjøp der dette er relevant.
- Vestland fylkeskommune skal gjennom innkjøpspraksisen sin ivareta etiske retningslinjer. Fylkeskommunens direkte og indirekte kjøp skal vere etisk forsvarlege og ikkje bidra til brot på folkeretten og menneskerettane. Innkjøpspraksis skal vere i tråd med internasjonalt anerkjente prinsipp, som ILO sine kjernekonvensjonar.
- Vestland fylkeskommune skal bruke innkjøpsmakta si til å leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar der det er mogleg.
- Vestland fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav ved alle konkurransar, mellom anna krav om lærlingar, fast tilsette og faglært arbeidskraft i tenestekontraktar.

8. Vestland fylkeskommune skal gjennomføre innovative innkjøp

- Vestland fylkeskommune skal vurdere innovative løysingar og prosessar der dette vil vere tenleg. Innkjøpsfunksjonen skal syte for at innovasjon og innovative tiltak vert diskutert ved oppstart av alle prosjekt. Innkjøpsseksjonen skal vere ein pådrivar overfor dei andre einingane for å sikre innovasjon i offentlege innkjøp.

9. Vestland fylkeskommune skal sikre effektiv bruk av inngåtte avtalar og drive strategisk kontraktsoppfølging og leverandørutvikling

- Innkjøpsseksjonen skal sikre god rammeavtaledekning og effektiv bruk av inngåtte avtalar. Dette skal sikrast gjennom å syte for korrekt behovsdekning i samarbeid med brukarar og å gje god informasjon om inngåtte avtalar ut i organisasjonen. Innkjøpsseksjonen skal vidare drive tett og systematisk oppfølging av strategiske leverandørar.

10. Vestland fylkeskommune skal sikre kontinuerleg forbetring og reduisering av risiko i alle innkjøp

- Innkjøpsfunksjonen skal gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med gjeldande prosedyrar for å minimere risiko og forbetre kvaliteten i alle leveransar. Innkjøpsseksjonen skal utføre kontrollerande tiltak for å sikre etterleving av regelverk og interne rutinar i organisasjonen.
- Vestland fylkeskommune skal gjennom systematisk kontraktsoppfølging av leverandørar og underleverandørar jobbe for å motvirke og avdekke korrupsjon og arbeidslivskriminalitet.

Referanse

Politisk vedtak ephorte saksnr.: 2020/37072

Fylkestingsvedtak 03.03.2020